



**Ein betre
skulekvardag
for alle**

SV

Styrk fellesskolen!

SV vil skape ein betre skuledag for alle. I dag bidreg ikkje skulen i stor nok grad til å redusere forskjellar. Vi vil lage ein fellesskule der elevane trivst og er motiverde. For å få til det må vi ha ein meir praktisk og variert skulekvardag, og vi må gi lærarane tid til å sjå kvar enkelt elev.

I dag består skuledagen i alt for stor grad av stillesitting. Barn lærer mest når dei får leike, utforske og prøve sjølv – ikkje ved å sitje stille og pugge. Vi vil skape ein skule der læring står i sentrum, derfor må vi gi skulen rammene som gjer det mogleg å lykkast.

Det er avgjerande at elevane opplever å bli sett og varetekne. Vi vil lage eit større lag rundt eleven og læraren, der miljøterapeutar, helsesjukepleiarar og fleire kan vere tett på elevane og kvardagen deira.

Vi er stolte at SV har fått på plass gratis SFO for barn på 1.-3. trinn og utrulling av ei skulematordning. Det bidreg til mindre forskjellar og gir alle barn høve til å vere med på leiken. Men vi vil meir.

Vi vil sørge for å både verne om fellesskulen i nærmiljøa våre og skape ein fellesskule for alle. Skal vi løyse utfordringane i dagens skule, må vi prioritere meir ressursar til kommunane, skulane og til kvar enkelt lærar. Er du samd i at vi skal prioritere å skape ein skule for alle, heller enn å gi skattekutt til nokre få på toppen? Då bør du stemme SV.

SV vil:

- ha ein inkluderande fellesskule, med ein meir praktisk og variert skuledag
- prioritere auka lærartettleik og oppfølging, framfor meir teoretisering av skulen
- gi lærarane gode rammer og pedagogisk fridom

Sosialistisk Venstreparti
Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Bli medlem i
SV her:

